


ULLENVANG
HERAD



JONDAL
KOMMUNE



Eidfjord
kommune



ODDA
KOMMUNE

Kopi

HELSE FONNA
v/ Johannes Kolnes
5504 Haugesund.

Deres ref. Arkivsak-id-doknr: 2005000336-4 Saksbeh: Terje Espe
Journalpostid: 2006002323 Telefon: 53 65 43 02 Arkivkode K2-G10 Dato: 24.02.2006

Vedr. søknad om nedgradering av voksenpsykiatrisk poliklinikk i Odda, Folgefond DPS.

Vi viser til søknad til Helsetilsynet i Hordaland om nedgradering av voksenpsykiatrisk poliklinikk i Odda, Folgefond DPS.

Vi er vidare kjent med brev datert 22.02.2006 frå tilsette ved psykiatrisk poliklinikk og dagavdeling i Odda.

Kommunane i sjukehuset sitt opptaksområde – Eidfjord, Ullenvang, Jondal og Odda deler dei tilsette sin skepsis til "nedgraderingen" – og den manglende kommunikasjon/dialog i forkant av søknaden.

Odda kommune sendte 06.04.2005 brev til direktør for psykiatrisk klinikks i Helse Fonna, der det vart gitt uttrykk for bekymring over andrelinetenesta sitt behandlingstilbod innan barne- og voksenpsykiatrien i distriktet. Årsaka til vårt initiativ var bekymringsmeldingar frå både fastleggar, helsestasjon og anna personell innan psykisk helsearbeid i kommunen. Vi gjorde greie for ei svekking av tilboden og samarbeidstilhøva (sjå kopi av brev som vedlegg) – som i aukande grad blei registrert i kommunen etter etablering av foretaksorganiseringa av psykiatri-tenesta.

Kommunen tok initiativ til eit drøftningsmøte med psykiatrisk klinikks, og slikt møte blei holdt kort tid etter. Samarbeidstilhøva og rutinar blei drøftet, og kommunen fikk ei klar forståing av at foretaket såg behovet for eit styrka tilbod i distriktet. Fra foretaket si side blei det imidlertid streka under at personalressursar (psykiatararar) var eit problem. Det blei bekrefta at dåværande psykiater ved poliklinikken i Odda hadde sagt opp, men at stillingen ville bli lyst ut med det første. Det vart streka under at det ikkje låg føre planar for nedbygging av den polikliniske verksemda i Odda, men at målet på sikt var at denne skulle styrkast – sjøv om den blei lagt under poliklinikken på Valen, slik at desse vart eitt felles DPS.

Det er seinere utarbeida ein "Førebels samarbeidsavtale mellom Folgefond DPS og kommunene". I denne går det m.a. fram at "det skal avholdes fagmøte mellom fagpersonell i kommunen og DPS-einingar 3-4 ganger pr år", og at det her skal "informeres om endringer i tilbod, personell, rammer, føringer osv."

«Sse_Navn»
Telefaks: «Sse_Fax»
«Sse_Adr»
«Sse_Postnr» «Sse_Poststed»

Org.nr: 964 967 814
Bankgiro: 3658.07.50022
Innbetaling skatt: 7855.05.12288

Telefon: 53 65 40 00
Telefaks: 53 65 40 51
Epost: epost@odda.kommune.no

Slikt samarbeidsmøte blei holdt 02.02.2006. Av referatet går det m.a. fram:

- "Vedk. spørsmålet om styrt nedbygging av psyk. poliklinikk i Odda, vert det avkrefta. Psykiaterstillingar vert lyst ut frå Haugesund." Det blei fra DPS munnleg stafesta at utlysning av ledig stilling (med delvis teneste i Odda) no var sendt til foretaket sentralt for utlysning (men altså ikke hadde vore lyst ut i tida som var gått sidan møtet mellom psykiatrisk klinikks og kommunen våren 2005.)
- "Det vert gitt uttrykk for stor uro ved at all omorganisering skjer på føretaksnivå, utan kontakt med kommunane. Dialogen er ikke til stades." I svar seier seksjonsleiar igjen at "Det føregår ingen planlagt nedbygging i Odda. Det vert gjort forsøk på å rekruttere spesialistar i ledige stillingar."

Bare 2 veker etter dette møtet, blir altså kommunane kjent med at psykiatrisk klinik ved Helse Fonna søker Helsetilsynet i Hordaland om å nedgradera vaksenpsykiatrisk poliklinikk i Odda. Detta skjer utan dialog med - eller informasjon til - kommunane og tilsette ved poliklinikken.

Kommunane vurdere søknaden om nedgradering av poliklinikken i Odda som eit forsøk på å lukka eit formelt avvik - framfor å lukka det faktiske avviket, som handlar om at den psykiatriske andrenlinetenesta i distriktet ikke har tilstrekkeleg kapasitet og mangelfull organisering.

For å få forsvarleg psykiatrisk helsetilbod i distriktet, meiner fagpersonell i kommunane at det er trøng for psykiater-teneste ved poliklinikken i Odda i 40% stilling, dvs. 2 dager i veka. I følgje seksjonsleiar sin uttale på samarbeidsmøte 02.02, skal poliklinikken pr. dato ha 20% psykiaterstilling (ft. innleigd fra vikarbyrå).

Med framlegg til nedgradering er det grunn til å frykta at psykiatertenesta ved poliklinikken vil bli lagt på eit nivå under dette - og at gapet mellom tilbod og faktisk behov vil bli ytterlegare forverra.

Psykiatrisk klinik si løysing på problemet, er å la pasientane reisa til Valen for polikliniske konsultasjoner med psykiatarar. Noverende organisering har allereie i ei viss grad vore basert på dette. Det har etter kommunane si meining ikke fungert forsvarleg i *liten* målestokk, og vi ser ikke moment som talar for at det skal kunna fungera bedre i *større* målestokk.

Det må strekast under at psykiatriske pasientar er ei av våre svakaste og mest sårbare brukargrupper. "Nærhets-prinsippet" til tenesta står svært sentralt i eit forsvarleg teenestetilbod. Poliklinikken i Odda er det *einaste* polikliniske tilbodet i Indre Hardanger, i tyding kommunane Odda, Ullensvang, Eidfjord og Jondal.

Førstelinetenesta si oppleveling av det psykiatriske tilbodet i distriktet er pr. dato som følgjer:

- Psykiatrisk poliklinikk i Odda har eit høgt kvalifisert og engasjert fagmiljø/personell, som yt stor innsats under vanskelege praktiske og organisatoriske tilhøve.
- Poliklinikken lir av *kritisk* dårlig tilgang på psykiater-teneste, som gjer det vanskeleg å gi forsvarleg psykiatrisk behandling i distriktet.

- Organisatoriske tilhøve rundt tenestene er bekymringsfulle. Omorganisering, uklare linjer, avstand til leiing og manglende dialog/informasjon gjer arbeidet vanskeleg.
- Vi er klår over psykiatrien sine rekrutteringsproblemer, men 8 mndrs vakans utan faktisk utlysning av stilling seier også noko om administrative prioriteringar..
- Stoda er ikkje i samsvar med erklærte helsepolitiske føringar om psykiatrien som spesielt satsningsområde.

Mangelfull psykiater-teneste føre ette kommunane sine erfaringar til følgjande:

- Henvisningar blir etter fastlegane si meining urettmessig avvist.
- Ventetid for behandling er ofte lang, og kapasiteten utilstrekkeleg for forsvarleg oppfølging.
- Mange pasientar har ikkje helsemessige ressursar eller meistringsevne til å reisa langt og hyppig – fastlegane blir ofte tvinga til å ta fullt oppfølgingsansvar for pasientar dei fagleg sett meiner treng andrenline-tenester. Behandlingsvegring, "drop-outs" og unødig forverring av helsa blir konsekvensar.
- Ansvarsfordeling hos pasienter som faktisk *er* under behandling i andrenlinetenesta er eit problem, særleg innan medisinering.
- Fastlegane opplever at pasientar under oppfølging i andrenlinetenesta "henvises" tilbake til fastlegen dersom tilstanden blir forverra/tilspissa – og at fastlegen må gjera diagnostiske og medikamentelle vurderingar dei meiner høyre heima på eit høgre kvalifikasjonsnivå.
- Fastlegane meiner dei driv ei reell *underhenvisning* av psykiatriske pasientar, pga. andrenlinetenesta sine kapasitetsproblem og organisering, og blir tvungen til å legga lista høgre enn fagleg begrunna og ønska.
- Folgefond DPS har lenge sett på poliklinikkan på Valen og Odda som ei eining. Vi opplever likavel sviktande samhandling og tilrettelegging i einskildtsaker (f.eks. avslag på timer til samtalebehandling i Odda dersom pasienten har vore til konsultasjonar på Valen, med grunngjeving i at dette blir vurdert som "dobbelthenvising"). Vi strekar under at dette blir opplevd som administrative og organisatoriske problem – og ikkje går på innsats- og samarbeidsvilje hos dei tilsette ved poliklinikken.

Vi ser derre ikkje at den otte vi tidligare ga uttrykk for i brev av 06.04.2005, er blitt særleg svekka i løpet av tida som har gått. I tråd med politiske føringar og nasjonale mål, ventar vi ei opprustning av tilbodet – ikkje nedbygging.


Det er viktig for våre pasientar å halda på fagmiljøet og behandlingstilbodet ved poliklinikken i Odda, den må organiserast og bli bemanna på forsvarlig vis. Ei nedgradering av poliklinikken - med sannsynleg ytterligare reduksjon av ei allereie underdimensjonert psykiater-teneste, og risiko for vidare svekking av eksisterande fagmiljø/personell – er *ikkje* vegen å gå.

Fråvær av dialog og kommunikasjon rundt saka – samt direkte *desinformasjon* på samarbeidsmøtet 02.02.06 – svekke tilliten til den administrativ leiing, og er eit klart brot på samarbeidsavtalen.

Ansvarleg for klinikken må derfor sjå på kopi av dette brev som ei avviksmelding.

Venleg helsing

For rådmennene i
Jondal, Ullensvang, Eidfjord og Odda



Finn Kristoffersen

Rådmann i Odda

For ordførarane i
Jondal, Ullensvang, Eidfjord og Odda

Solfrid Borge
Sign.
Ordførar i Ullensvang

Kopi til:

Direktør psykiatris klinikk
Helse Fonna
Helsetilsynet i Hordaland

P:b. 2170
Postboks 7310

5504 HAUGESUND
5020 BERGEN